



Møteprotokoll for Eldreråd

Møtedato: 08.03.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 12:00 - 15:30

Det var felles orienteringsmøte for ER/RMNF/UR frå kl. 12.00. Deretter gjekk dei ulike råda kvar for seg for handsaming av vedtakssaker.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Olav Magnus Steinsland		Utvalsleiar
Torhild Frøydis Skage Syslak		Medlem
Einar Lygre		Medlem
Jostein Dale		Nestleiar
Reidun Taule		Medlem
Sigurd Knudsen		Medlem
Randi Iden		Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Mabel Johansen	H	Svein Hagesæter - UAVH

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Leni Dale-kommunalsjef, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Helge Kvam-dagansvarleg Helse og omsorg adm, Kristin Nåndal-tenesteleiar Plan og analyse, Ingrid Raniseth-rådgjevar Planforvaltning, Benthe Fjeldstad Helland-tenesteleiar heimetenesta, møtesekretær Arthur Kleiveland

Prosjektleiar Anne Hildegunn Færøy-NUI orienterte om Region Nordhordland Helsehus.

Vigdís Berge-Multiconsult orienterte om reguleringsplan for Fv 57 med g/s-veg Lindås tettstad-Mongstad.

Sakliste

Saknr	Tittel
007/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/21	Godkjenning av møteprotokoll
009/21	Fondsvedtekter - Fond for kommunalt følge på ferie og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne
010/21	Forslag til detaljregulering med konsekvensutgreiing for fv. 564 Fløksand-Vikebø - offentlig ettersyn
011/21	Reguleringsplan for Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad - 2. gongshandsaming - ny høyring
012/21	Rullering av planstrategi 2020 - 2023 Alver kommune
013/21	Meldingar og orienteringar til eldrerådet 08.03.2021

007/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldreråd 08.03.2021:

Behandling:

Eldrerådet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

ER- 007/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

008/21: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Eldreråd 08.03.2021:

Behandling:

Eldrerådet godkjende samrøystes møteprotokoll for møte 1. februar 2021.

ER- 008/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

009/21: Fondsvedtekter - Fond for kommunalt følgje på ferie og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner fondsvedtekter – Fond for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne punkt 1 – 9 jamfør vedlegg.

Vedtekter skal vere del av evalueringsrapport for prøveordninga for retningslinje for

kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for peronar med nedsett funksjonsevne 2021-2022.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:

Behandling:

Framlegg frå Reidar Knutsen-SAFO:

Ved etablering av ferieretningsliner bad RMNF om at Alver kommune dekkar ekstrakostnad til løn, men dette vart ikkje teke inn. Prosjektgruppa sine eksempel viste svært høge ekstrakostnader for dei som treng kommunalt følgje, og 2.500,- per kommunalt tilsett per tur vil dekke ein svært liten del. RMNF er redd nesten ingen vil ha økonomi til å nytta tilbodet, og at det meste av fondet difor vert ståande ubrukt. Difor ber RMNF om at det maksimale tilskotet aukast, og vert sett til inntil 10.000,- per kommunalt tilsett per tur.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 012/21 Vedtak:

Ved etablering av ferieretningsliner bad RMNF om at Alver kommune dekkar ekstrakostnad til løn, men dette vart ikkje teke inn. Prosjektgruppa sine eksempel viste svært høge ekstrakostnader for dei som treng kommunalt følgje, og 2.500,- per kommunalt tilsett per tur vil dekke ein svært liten del. RMNF er redd nesten ingen vil ha økonomi til å nytta tilbodet, og at det meste av fondet difor vert ståande ubrukt. Difor ber RMNF om at det maksimale tilskotet aukast, og vert sett til inntil 10.000,- per kommunalt tilsett per tur.

Ungdomsråd 08.03.2021:

Behandling:

Orientering i saka under felles orienteringsmøte for RMNF, UR og ER

UR- 011/21 Vedtak:

Tatt til orientering.

Samrøystes vedteke

Eldreråd 08.03.2021:

Behandling:

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg;

Eldrerådet meiner tilskotssummen på kr 2500,- er for altfor liten og bør aukast.

Dersom den samla tilskotssummen for 2021 ikkje blir brukt opp, må summen overførast til neste år.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 009/21 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg;
Eldrerådet meiner tilskotssummen på kr 2500,- er for altfor liten og bør aukast.
Dersom den samla tilskotssummen for 2021 ikkje blir brukt opp, må summen overførast til neste år.

010/21: Forslag til detaljregulering med konsekvensutgreiing for fv. 564 Fløksand-Vikebø - offentlig ettersyn

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Fv. 564 Fløksand-Vikebø, gnr. 305, bnr. 142 mfl. Plan-id 1256 2016 0010, vist på

plankart sist datert 24.08.20, med tilhøyrande føresegner datert 11.08.20, når følgjande endringar er gjort:

måloppnåing i forhold til forvaltningsplanen for Rylandsvassdraget må omtalast i planskildringa

mindre endringar i plankartet må rettast

Utval for areal, plan og miljø ber om at det fram mot 2. gongs handsaming av planforslaget vert sett nærare på følgjande forhold ved planen:

konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang/sykkelveg og

køyreveg i partiet ved Rylandsvassdraget skal vere vurdert i høve om det kan dempe skjeringane/fyllinga langs dette strekket»

Utval for areal, plan og miljø 11.11.2020:

Behandling:

Orientering til saka frå Vestand Fylkeskommune v/Ingar Hals-prosjektleder

Rådmanmen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Anne Grete Eide-Ap:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Planen blir sendt tilbake for å legge inn A1 og A2 som alternativ vegtrase før den blir lagt ut på offentlig høyring.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

APM- 149/20 Vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Fv. 564 Fløksand-Vikebø, gnr. 305, bnr. 142 mfl. Plan-id 1256 2016 0010, vist på plankart sist datert 24.08.20, med tilhøyrande føresegner datert 11.08.20, når følgjande endringar er gjort:

- måloppnåing i forhold til forvaltningsplanen for Rylandsvassdraget må omtalast i planskildringa
- mindre endringar i plankartet må rettast

Utval for areal, plan og miljø ber om at det fram mot 2. gongs handsaming av planforslaget vert sett nærare på følgjande forhold ved planen:

- konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang/sykkelveg og køyreveg i partiet ved Rylandsvassdraget skal vere vurdert i høve om det kan dempe skjeringane/fyllinga langs dette strekket»

Planen blir sendt tilbake for å legge inn A1 og A2 som alternativ vegtrase før den blir lagt ut på offentleg høyring.

Ungdomsråd 08.03.2021:

Behandling:

Orientering i saka under felles orienteringsmøte for RMNF, UR og ER

UR- 014/21 Vedtak:

Tatt til orientering

Samrøysted vedteke

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:

Behandling:

Fellesframlegg:

Rådet merkjer seg at det i eitt av alternativa er søkt om dispensasjon frå kravet om at gang- og sykkelveggar skal ha maksimalt 5% stigning. Vi oppmodar om at ein veljer ei løysing som gjer at ein følgjer gjeldande krav, og unngår ein slik dispensasjon.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 011/21 Vedtak:

Rådet merkjer seg at det i eitt av alternativa er søkt om dispensasjon frå kravet om at gang- og sykkelveggar skal ha maksimalt 5% stigning. Vi oppmodar om at ein veljer ei løysing som gjer at ein følgjer gjeldande krav, og unngår ein slik dispensasjon.

Eldreråd 08.03.2021:

Behandling:

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes.

ER- 010/21 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

011/21: Reguleringsplan for Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad - 2. gongshandsaming - ny høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reduleringsplan ut på ny høyring: Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad, PlanID. 1263 201407, vist på plankart sist datert 4.12.2020 og med tilhøyrande føresegner av revisjonsdato 4.12.2020».

Utval for areal, plan og miljø 03.02.2021:

Behandling:

Orientering til saka ved Vigdis Berge-Multiconsult
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 018/21 Vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut på ny høyring: Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad, PlanID. 1263 201407, vist på plankart sist datert 4.12.2020 og med tilhøyrande føresegner av revisjonsdato 4.12.2020».

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:

Behandling:

Fellesframlegg:

Rådet ser på dette som eit viktig prosjekt, ikkje minst ut frå omsynet til trafikktryggleik. Vi vonar det vert prioritert, og kan realiserast innan rimeleg tid. Vi går ut frå at gang- og sykkelvegen vert utforma i tråd med gjeldande krav til universell utforming, medrekna maksimal stigning på 5%.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 013/21 Vedtak:

Rådet ser på dette som eit viktig prosjekt, ikkje minst ut frå omsynet til trafikktryggleik. Vi vonar det vert prioritert, og kan realiserast innan rimeleg tid. Vi går ut frå at gang- og sykkelvegen vert utforma i tråd med gjeldande krav til universell utforming, medrekna maksimal stigning på 5%.

Ungdomsråd 08.03.2021:**Behandling:**

Orientering i saka i fellesmøte UR, RMNF og ER

UR- 012/21 Vedtak:

Tatt til orientering.

Samrøystes vedteke

Eldreråd 08.03.2021:**Behandling:**

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande tillegg:

Eldrerådet er svært uroa over den trafikkfarlege og ulukkesbelasta vegstrekninga og ber om at det vert gjort noko snarast råd for å forbetra og sikra vegen. Rådet oppfordrar difor Alver kommune om å vera ein pådrivar overfor Statens vegvesen for å få midlar til dette prosjektet på vegplanen lenge før 2029.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale i saka.

ER- 011/21 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i saka:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande tillegg:

Eldrerådet er svært uroa over den trafikkfarlege og ulukkesbelasta vegstrekninga og ber om at det vert gjort noko snarast råd for å forbetra og sikra vegen. Rådet oppfordrar difor Alver kommune om å vera ein pådrivar overfor Statens vegvesen for å få midlar til dette prosjektet på vegplanen lenge før 2029.

012/21: Rullering av planstrategi 2020 - 2023 Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 010/21 Vedtak:

Ingen merknader.

Ungdomsråd 08.03.2021:

Behandling:

Orietering i saka under felles orienteringsmøte for RMNF, UR og ER

UR- 013/21 Vedtak:

Tatt til orientering

Samrøystes vedteke

Eldreråd 08.03.2021:

Behandling:

Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale i møtet:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad:

Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune.

Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegget sett fram i møtet.

ER- 012/21 Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande uttale:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad:

Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune.

Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.

013/21: Meldingar og orienteringar til eldrerådet 08.03.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

Eldreråd 08.03.2021:

Behandling:

Det vart lagt fram følgjande orienteringar i fellesmøte med ER/RMNF/UR:

1. Orientering om Helsehuset, planar og vidare utvikling v/Anne Hildegunn Færøy-prosjektleiar
2. Reguleringsplan for Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad – 2.gongs handsaming - ny høyring v/Vigdis Berge-Multiconsult
3. Økonomiplan 2021-24 – orientering om hovudtrekk i vedtak v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef
4. Fondsvedtekter for feriereiser v/Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg adm.
5. Rullering av planstrategi v/Kristin Nåmdal-tenesteleiar Plan og analyse
6. Forslag til detaljregulering med konsekvensutgreiing for fv. 564 Fløksand – Vikebø - off. ettersyn v/Ingrid Raniseth-rådgjevar Planforvaltning
7. Status vaksinerings v/Leni Dale-kommunalsjef
8. Status korona-vaksinerings v/kommunalsjef Leni Dale
9. Tilskot aktivitetstilbod og besøksvert (tiltaksplan for sårbare eldre) – status og framdrift

Orienteringane 1-8 vart halde i felles orienteringsmøte med Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet. Leiaren i eldrerådet, Olav M. Steinsland, leia fellesmøtet.

Eldrerådet tok samrøystes meldingar og orienteringar til orientering.

ER- 013/21 Vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.